

Seternamn og seterord i Tolga

Det er velkjent i Nord-Østerdalen at på Tynset heiter det setervangen, men på Tolga, Os og Rørosdistriktet heiter det setervollen. Ordet seter (setervoll, setervang) blir som elles i landet brukt om hus i utmarka med beite omkring der ein ligg med buskapen om som-maren. Ein toljing kan spørja: «Ke du ska hen du?» «Je ska åt sætern» eller «Je ska en tur på vollen». Seter og voll kan brukast om kvarandre, men det heng vel litt i ennå at vollen opprinneleg betydde det inngjerda jordstykket som var brukt til slått. Ordet setra var brukt om heile anlegget. Når husa er borte, er det snakk om ø-voll, aldri ø-seter.

På Tynset er systemet slik at om ein bytter bort voll med vang er systemet det same. Tynsetingen snakkar om vangain i Gammeldala og toljingen snakkar om vollain i Klettdala. Tynsetingen har ei kjensle av grunntydinga av vang som slåttestykke. Ei ha sle vangen.

Ser ein landet under eitt, der vang blir brukt om seter, er Tynset eit sentrumsområde. Det finst ein del i Hedmark fylke elles, i Akershus fylke og spreidde døme andre stader.

Setervoll, voll brukt om seter, har større utbreiing, og er brukt i bygdelag i både Sør- og Nord-Trøndelag. Kjem vi vestover i landet er støl vanleg nemning for seter.

Nord-Østerdalen har bevart den gammalnorske nøytrumsforma av se-

ter. Setret tyder seterstua. Andre stader i landet er selet brukt om seterstua. På biletet av Livollen i Milskiftet frå rundt 1930 ser ein tydeleg tredeling av seterhuset med setret, skjælet og masstua.

Namna på setergrendene er oftast naturnamn, medan namna på kvar seter har namn etter garden. Olahaugen heiter ei setergrend med to vollar, Lervollen med namn etter garden Lera og Pålsolavollen med namn etter garden Pålsolagarden.

Sjølve setergrenda har nok namn etter elva Olåa (tjukk l) som rinn mellom setergrendene Olaberget og Ola-haugen. Elva Olåa har nok namn etter det storsteinete landskapet ho rinn igjennom, altså Urdåa. Dialektordet stenol tyder steinurd.

Setergrenda Milskiftet ligg ved den gamle ferdselsvegen mellom Vingelen og Dalsbygda, ein sju kilometers veg frå Vingelen. Setergrenda Milskiftet i Tynset ligg ein 6-7 kilometer frå bygda ved den gamle Almannvegen. Det er rimeleg å tru at dei som for denne ferdselsleia i gamle dagar, hadde bruk for å veta avstandane etter vegen, å veta kor neste milskifte var. Den gamle norske landmil var rekna til 18000 alen (11,3 km). Den gamle lengdenemninga rast, altså avstanden mellom to rasteplassar er rekna som 9 km (Asgaut Steinnes). Det er uklart korleis ein skal forstå måten dei rekna milskifta på. Kanskje dei hadde rast på Tynset, rast



Livollen i Milskiftet med 70 års mellomrom, 1930 og 2000. Framfor seterstua, f.v.: Oddvar og Marit Kirkbakk, Kirstina og Odd Lien. Guten på hesten er Anders Aaseth. Noverande eigar er: Karen Prytz og Odd Lien. Repro: MiNØ 49111. Foto: Karen Prytz.



ved Tynsetmilskiftet, rast i Vingelen, rast ved Tolje-milskiftet og rast i Dalsbygda? (Dette er vel gjetting og spekulasjon?)

Setergrenda Buhaugen har tre setrar som ligg innafor dei andre. Dei blir kalla Innervollan. Den største haugen i setergrenda er der Flatvollen og Perflatvollen ligg. Men det er ingen som no veit kvar bua låg som truleg har gjeve namn til setergrenda.

Stenomvollen i Buhaugen hører til garden Stenan. I toljemålet er det ikkje uvanleg at dativ kjem i staden for genitiv i slike samansettingar.

Sagbakkvollen ligg ved Langen, og grensa mellom Buhaugen og Langen er Grunntjønnbekken.

Hollet er namnet på ei setergrend med to vollar Oppstuvollen og Gjeltvollen som ligg i hellinga mot Søljøstjønnna. Namnet Hollet er kjent frå flei-



*Floorvollen i Søljasen sist på 30-åra. Langsfjellet i bakgrunnen.
Noverande eigar er Ingeborg Kirkbakk. Repro: MiNØ 49116.*

re stader i området her. Det gamle namnet på Storbekkvollen som ligg i hellinga ned mot Klettdalen, er Hollvollen. Ordet betyr rett og slett hellinga.

Søljasen har vel namnet sitt etter treslaget sølje (selje).

Hørdalen (Hultdalen) er to setergrender. Nord-austsida med setrar som hører Os til, kallar toljingane Oslia, og sør-vestsida som hører Tolga til, kallar osingane Toljelia (Tolgens-lia). Heile dalen kallar osingane hørdaldn og toljingane hørdaldn. Namnet kjem av elvenamnet Hørda (hørta) som truleg tyder den hulde, den gjømte elva. Namnet er behandla i ein artikkel i årboka frå i fjor.

Lenger ned mot toljebygda ligg setergrenda Bjønncuven. Ein kuv er et-

ter ordboka ein rundvoren (fjell)topp. Kuv kan også bety høystakk. Bjønncuven må vel opprinneleg vera namnet på ein kuv der bjørnen heldt til. Ovafor Tollgjeltvollen, mellom Tollgjeltvollen og Hallvollen (Bruvollen), er det ein kuv, ein knoll eller rund bakke. Kanskje det er «bjønncuven»? Her har det også vore bjønncuven, for på det gamle fjøset på Tollgjeltvollen var det merke etter bjørneklør. Dei gamle jegerane i Erliia som dreiv toppjakt på tiur, sa at dei «jakta Erliiasen oppover mot Kuva» eller at dei «jakta Slettola oppover mot Kuva». Da meinte dei ein knoll eller kuv som ligg litt sør for setervollane på Bjønncuven. Denne cuven er merkt med kryss og høgde 764 på kartet og ligg i grensa mellom furuskogen og bjørkskogen. Her har vi vel

den opprinnelege «Bjønkuven». Ovafor er det berre ein og annan furukraggen, så tiuren beita best nedafor.

I vest for setergrenda ligg Bjørk-kletten på 877 m.o.h. Vestafør der att ligg setergrenda Klettan og to andre litt høgare og brattare klettar, Stenkletten og Bjørk-kletten. Setergrenda Klettan har vel namn etter desse klettane. Da er det vel urimeleg å tru at den lågaste kletten kan ha gjeve namn til Bjønkuven.

Tvers over Hørda, på andre sida frå Bjønkuven ligg Anvisåsen med gamle setrar. Namnet er vanskeleg å forklare.

Setergrenda Klettan var opprinneleg Erlisetrar og var kalla Stor-Erlivollen. Dei andre vårsetrane til gardane i Erlia vart kalla Småvolla, som dei framleis heiter.

Vestafor Klettan ligg setergrenda Åsan. Den høgste åsen ligg ovafor Nessvolla. Ein annan ås heiter Rognsteryåsen med eit namn som er utolka. Dei nedre vollane blir kalla Ytervolla eller Nyvolla. Nord for Nessvolla, på brestet mot Jamtmyra og setergrenda Pauran, er Gammelvollåsen. Her er Slåbakk-øvolla.

Setrane i setergrenda Pauran ligg på begge sider av Vangsbekken som kjem frå Mergeltjønna (Vangstjønna) og rinn ut i Tallsjøen. Vangsbekken er ein god tidfiskbekk og har vel namn frå Østvangen som dreiv fiske i Vangsbekken. To vollar ligg like ved Vangsbekken, på kvar si side. Det er Orsavolla og Perflatvolla. Vangsbekken grev i grusen der han småfossar nedover faret sitt mellom vollane. Han er som ein arbeidspaur (pør). I toljemålet er ein paure (pør) ein som grev og arbeider seint og tidleg. Da er det

ikkje så urimeleg å samanlikne bekken med ein paure (pør), og setergrenda Pauran har vel da fått namn etter bekken.

Sjøvolla ligg ved Kottberget og Tallsjøen og har namnet fordi dei ligg ved Tallsjøen.

Setergrenda Skardet har namnet sitt etter eit hakk eller skard i landskapet mellom Skrivarvolla og vollane på øvre Skardet.

Erligardane hadde haustsetrar på Knappåsen nedunder Håmmålsfjellet. Den mest typiske «knappen» i dette området er vel Knappåsberget. Da heile området vart kalla Knappåsen, måtte den opprinnelege Knappåsen få eit tillegg og bli kalla Knappåsberget. Det gamle namnet på Dølmovolla var Innimovolla, for Dølmoen vart i gamle dagar kalla «inni moa».

Bjørsjølia har namn etter Bjørsjøen som har det gamle namnet på bever, bjør. Her har vi typiske eksempel på at folket på garden og bygdefolket har ulike namn på setra. Bjørvolla blir setra kalla av folket på Vollgarden, men bygdefolket kallar setra etter garden, altså Vollvolla. Folket på Ivarsgarden kallar setra Livolla, og bygdefolket kallar setra Ivarsvolla. Den gamle vårsetra under Ivarsgarden heiter Gørrmakervolla. Det har samanheng med ordet garmaker. Garmakeren var fagarbeidar ved smeltehytta. Han forestod den femte prosessen i kappårsmeltinga – garinga. Det kunne også vera nødvendig med tillegg til namnet. Moen hadde setrar både i Bjørsjølia og på Storslættet. Da vart det «Movolla i Bjørsjølia» og «Movolla på Storslættet».

Storslættet betyr den store slætte



Storslættet, 1943. På Movollen er Aslaug Moen budeie og Jon Bakken og Margit Moen gjetarar. Repro: MiNØ 49117.

marka, og ein kan spekulere på kvar dei eldste slåttane var. Dei beste slåttane var truleg langs Storbekken, men området her blir kalla Åsenga. Kanskje den store slåttemarka likevel er der setrane heiter Storslættet.

Det ser ut til at det var ei vanleg utvikling at det var slåttar før det kom seterbruk. Slik var det på Bjørkkjølen eller Jordkjølen. Her var det Eidet som hadde setrar. På andre sida av Tela er Bekk-kjølen der garden Lillebekken hadde sommarseter. I hellinga nedover mot Klettdalen ligg Storbekkvollen, som gammalt vart kalla Hollvollen. Det tyder vollen i hellinga slik det er nemnt tidlegare under setergrenda Hollet.

I sjølve Klettdalen er det to setrar Ummundsvollen som hører til Ummundsgarden på Tolga. Ummund er den gamle forma av namnet Amund, og Heljesvollen som hører til garden

Heljes eller Bjøntegård i Rendalen. Rendølene kallar setra for Kåsa. Kåsa er ofte brukt om grassletter.

Ein seterdal austafør Klettdalen er Rausjødalen, mest kjend for det gamle meieriet i nedre Rausjødalen som er teken vare på som kulturminne.

I øvre Rausjødalen var det to setrar som hørte til Viksmoen og Eide. Dei vart selde til kabinettskammerherre Egeberg i 1912.

Han bygde jakthytte på setra. Etter Egeberg døydde vart øvre Rausjødalen seld. Namnet har samanheng med Rausjøen og Rausjøåa. Namnet kjem nok av gammalnorsk raudi som tyder jernmalm. Det har vore jernsmelting mange stader i fjella i Nord-Østerdalen.

Adresse:
Trygve Nasset,